



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Roald Aandahl	Arkivkode: FE - 142
Arkivsaksnr: 13/77	Løpenr: 18/4521
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	29.05.2018	006/2018
Kommunestyret		

Endelig vedtak, kommuneplanen sin arealdel - Børdalen

29.05.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Sture Tveit (H) bad om ei synfaring i Børdalen i samband med naturutvalet den 21 august.

Framlegget frå Rådmannen vart samrøystes vedteke.

NAT- 006/2018 Vedtak:

Med heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1, 3 og 8. vert følgjande endringar innarbeidd i omsynssone H810_30 i kommuneplanen sin arealdel:

- *Det skal utførast rasanalyse for heile planområdet.*
- *Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810_30 nord for N07.*
- *Avrenning frå anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*
- *Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*
- *Det kan ikkje tillatast tiltak i vassstrengen som til dømes uttak/ utslepp av vatn til vasskjøling.*

Administrasjonen innarbeider arealbruk, føresegner og planskildring i tråd med appendiks 5. Saken sendast til kommunestyret for endelig vedtak etter pbl. §11-15.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1, 3 og 8. vert følgjande endringar innarbeidd i omsynssone H810_30 i kommuneplanen sin arealdel:

- *Det skal utførast rasanalyse for heile planområdet.*
- *Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810_30 nord for N07.*
- *Avrenning frå anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*
- *Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*
- *Det kan ikkje tillatast tiltak i vassstrengen som til dømes uttak/ utslepp av vatn til vasskjøling.*

Administrasjonen innarbeider arealbruk, føresegner og planskildring i tråd med appendiks 5. Saken sendast til kommunestyret for endelig vedtak etter pbl. §11-15.

Dokument som er vedlagt:

Appendiks5

Trekking av motsegn - Samnanger - Kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2027

Planskildring

Føresegner

Dokument som ikkje er vedlagt:

Plankart er synt på kommunekart.com

Kva saka gjeld:

Fylkesmannen har godtatt løysingane som omtalt i appendiks 5 og har trekt sine motsegn mot Børdalen i brev dagsett 26.04.2018. Saken sendes difor til kommunestyret for endelig vedtak så snart arealbruk, føresegner og planskildring er oppdatert i tråd med appendiks 5.

Vurderingar og konsekvensar:

Frå tilleggsvurderingane i høve konsekvens og naturfare kjem det fram at både nord- og sørsida av transformatorstasjonen kan byggjast ut til datalagringscenter.

Statnett har planer om utviding og har fremma ønske om å ha handlingsrom på nordsida av transformatorstasjonen. Dette saman med at sørsida vil ha tilstrekkelig areal for utbygging i denne kommuneplanperioden gjør at næringsarealet Samnanger kommune ønskjer å leggje inn i kommuneplanen, avgrensast til 48daa på sørsida.

Gjennomføringssona H_810_30, krav om felles planlegging, er trekt vest til vegen og nord til transformatorstasjonen. Den er trekt nord for å i samråd med Statnett kunne regulere buffersone mellom N07 og transformatorstasjonen. I denne buffersonen kan det tillatast sikringstiltak som ledevoll, m.v